



FRÅSEGN OPENHEITSLOVA

FRÅSEGN OPENHEITSLOVA

Kva er openheitslova?

Openheitslova er gjeldande frå 01.07.2022. Selskap som oppfyller to av dei følgjande kriterier er omfatta av lova:

- Salsinntekter over 70 millionar
- Balansesum over 35 millionar
- Over 50 tilsette

Openheitslova har som formål å fremme verksemdene sin respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Sogn og Fjordane Energi skal kvart år gjere greie for aktsemdsvurderingar i samsvar med openheitslova og offentleggjere desse. I tillegg skal selskapet regelmessig og ved vesentlege endringar vurdere leverandørar opp mot brot på grunnleggjande menneskerettar.

Konsernstruktur og organisering


Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) er organisert som konsern med konsoliderte og tilknytte selskap. Dei konsoliderte selskap er SFE Produksjon AS med dotterselskap under dette, dvs. Svelgen Kraft AS og Svelgen Kraft Holding AS, Firdakraft AS og Lutelandet Energipark AS, samt Jølstra Kraft DA (konsolidert med bokført brutto). Frå februar 2024 er også SFE Utvikling AS dotterselskap i konsernet.

Dei andre selskapa i konsernstrukturen under Sogn og Fjordane Energi AS er alle definert som «tilknytt selskap» (TS). Disse er Gloppen Energi AS, Innvik Kraftverk AS, Fossheim Energiverk AS, Renantis Norway AS, Elbåtlader DA, Skipskraft AS, Eninvest AS, HyFuel AS og Wattn AS. I tillegg var Linja AS eit heileigd dotterselskap i SFE-konsernet fram til 01.03.2023 og er etter dette definert som eit tilknytt selskap.

Linja AS og øvrige tilknytte selskap er ikkje inkludert i denne fråsegna.

Konsernstyret i SFE består av seks aksjonærvalde styremedlemmer og tre styremedlemmer valt av dei tilsette. Det øvste organet i SFE er generalforsamlinga.

Sogn og Fjordane Energi AS





Produkt, tenester og marknad

Sogn og Fjordane Energi AS produserer fornybar energi frå vasskraft og vindkraft. Andre viktige produkt som selskapet sel er balanseringstenester som sikrar eit effektivt og driftssikkert straumnett kor Statnett er kunde. SFE sel også elsertifikat til sluttbrukarselskap samt opphavsgarantiar til norske og kontinentale kraftselskap. SFE tilbyr operatør- og konsulenttenester, samt fysisk krafthandel inn mot småkraft og deleigde kraftverk/selskap. SFE sine kraftverk bidrar dermed til storsamfunnet med fornybar kraft, balansering av kraftsystemet og forsyningstryggleik, men òg med flaumdemping og minstevassføring i enkelte vassdrag. Den fornybare energien som vert produsert i kraftverka vert i stor grad selt til sluttbrukarselskapet Wattn samt til kraftbørsen NordPool.

Forankring av menneske- og arbeidstakarrettar

Forretningsetikk, berekraft og samfunnsansvar er integrert i SFE si verksemd gjennom strategien til selskapet. I tillegg har selskapet ein styreforankra innkjøpsstrategi som skal sikre at menneske- og arbeidstakarrettar vert ivaretekne i SFE si leverandørkjede. SFE skal medverke til at leverandørmarknaden vert utvikla i ein innovativ og berekraftig retning. Eit delmål er at strategien skal ivareta samfunnsansvar, miljø og berekraft. Dette skal gjerast mellom anna ved at SFE ivaretek prinsipp i høve etikk, lokalsamfunn, menneske- og arbeidstakarrettar og antikorrupsjon, samt at omdømme og tillit til konsernet vert sikra.

Etiske retningslinjer for leverandørar ligg på våre heimesider. Desse stiller krav til leverandørane og deira leverandørkjede for å ivareta gjeldane lover og reglar, mellom anna sentrale FN og ILO-konvensjonar. Dei faktiske krava i denne er knytt til hovudtema personvern- og datatryggleik, miljø og klima, menneskerettar (fleire undertema), forretningsmetodar, roller og ansvar, samt reaksjonar og oppfølging. I høve menneskerettar og arbeidsforhold er det stilt krav om at t.d. tvangsarbeid, barnarbeid, diskriminering og seksuell trakassering ikkje må finne stad hos leverandørar. Retningslinjene set m.a. krav om at leverandørane skal sikre og anerkjenne retten til organisasjonsfridom og kollektive forhandlingar dersom ein vesentleg del av arbeidstakarane er einige om dette. Arbeidarar knytt til leveransen skal ha minimumsløn innanfor ein kvar nasjonal standard og dei skal ha krav til arbeids-/kviletid og ferie, samt skriftlege tilsettingskontrakter. Leverandørar skal også sikre at tilsette har eit sunt og friskt arbeidsmiljø og ta omsyn til ulike HMS-krav. Desse krava er lagt ut på SFE si heimeside og dei vil bli formidla til leverandørar. Ved sal av varer og tenester til SFE må leverandørane vedkjenne seg desse krava.

SFE si Verdi- og Etikkplattform stiller krav til SFE sine tilsette si aktsemd og vurderingar for at SFE skal opptre etisk rett og ansvarleg. For SFE sine tilsette er det ordna og gjennomregulerte forhold der ein stor del av dei tilsette er fagorganiserte.



Varslingskanalar

SFE har ei gjeldande varslingsrutine for eigne tilsette som det er informert om i personalhandboka. I varslingsrutina er det skildra at dei varslingskanalane ein kan bruke er nærmaste overordna, etisk utval, tillitsvalde, verneombod, arbeidsmiljøutvalet (AMU) eller bedriftshelsetenesta. Ein kan og varsle til konsernsjef eller styreleiar i SFE om ein opplever at eit varsel ikkje vert følgt opp, eller ein ikkje får nokon tilbakemelding. Å varsle advokat kan og vere eit alternativ om ein synest det er vanskeleg å varsle internt. Medarbeidarane i SFE er oppfordra til å bruke desse kanalane i første omgang, før ein eventuelt nyttar retten til å varsle i offentlege kanalar som t.d. media eller tilsynsorgan.

Varslingssaker i SFE kan meldast via avvikssystemet (ope eller anonymt) eller per e-post eller brev. På veg inn i 2024 har SFE utviklingsarbeid på gang knytt til å ta i bruk eit eige digitalt system for handtering av varsel via HR-systemet.

SFE følgjer retningslinjer om at dei som varslar skal beskyttast, og har krav på eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. For å sikre for dette skal SFE som arbeidsgjevar om nødvendig syte for førebyggjande tiltak.

Avdekkede faktiske negative konsekvensar og vesentleg risikoar

SFE har, i forbindelse med arbeidet med openheitslova, gruppert alle innkjøp i kategoriar for å kunne vurdere risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Det har blitt gjennomført ei overordna risikovurdering for kategoriane ved bruk av kjelder som:

- DFØ si høgrisikoliste
- OECD sin sektorrettleiar
- ILO si oversikt over industriar med arbeidsrettighetsutfordringar
- CSR Risk Check av MVO Nederland

Risikovurderingane er basert på sannsyn og grad av alvor. Alvorlighetsgraden er vurdert etter risikoen sin skala, omfang og moglegheit for gjenoppretting i tråd med OECD sin rettleiar for aktsemdsvurderingar for ansvarleg næringsliv. Basert på denne risikovurderinga, vart det prioritert kategoriar for grundigare kartlegging.

Den overordna risikovurderinga avdekka fleire kategoriar med høg risiko for brot på menneskerettar og arbeidsforhold og då særleg innan innkjøpskategoriene «Materiell», «Leverandørar» og «Entreprenørtenester». Risiko er beskrive og vurdert innan arbeids- og menneskerettar, klima og miljø samt ei skildring av verdikjeda. SFE har vidare vurdert at elektromekanisk utstyr, elektronikk og tekstil er produktkategoriar med høg risikoscore.

Det siste året har SFE også fokusert på kompetanseheving knytt til aktsemdsvurderingar og vi har gjennomført fleire opplæringslesjonar for relevant personell, samt nedsett ei arbeidsgruppe for dette arbeidet.

SFE kjøper inn varer og tenester av svært ulik karakter, alt frå advokat-, ingeniør- og konsulentteneste, IT-materiell og -tenester, kontorrekvisita, matvarer, entreprenørtenester, elektromateriell som kablar, elektromekanisk utstyr som turbinar, generatorar og transformatorar. SFE kjøper både «hyllevarer» som vert masseprodusert og varer som er «skreddarsaum». «Skreddarsaum» er særleg aktuelt innanfor kraftproduksjon. SFE kjøper inn ulike produkt som inneheld metall og mineraler, elektronikk, tekstil og kjemikaliar. Utvinning og produksjon av desse råstoffa og komponentane foregår ofte i land med høg risiko for brot på menneskerettar og arbeidsforhold. Det kan handle om dårlege arbeidsforhold, mangel på tilstrekkeleg HMS og negativ påverknad på miljø og lokalsamfunn. I forbindelse med utvinning av konfliktmineraler er det risiko for alvorlege brot på menneskerettar som t.d. tvangsarbeid og barnarbeid. Vidare kjøper SFE inn entreprenørtenester, og i bygg- og anleggsbransjen i Noreg er det knytt risiko til sosial dumping og arbeidslivskriminalitet, samt til HMS og arbeidsulykker. Entreprenørtenester innan byggoppføring vert i noko grad utført med utanlandsk arbeidskraft, både personar tilsette i norske selskap og ved bruk av utanlandske underentreprenørar. Her kan det vere risiko knytt til utnytting av arbeidskraft.

SFE har foreløpig ikkje avdekka faktiske negative konsekvensar knytt til brot på menneskerettar og arbeidsvilkår.





Tiltak som er iverksett eller skal settast i verk for å stanse eller avgrense negative konsekvensar

SFE er i ferd med å innhente meir informasjon frå dei leverandørane som er vurdert å ha høg risiko. I etterkant av denne prosessen vil SFE vurdere tiltak ovanfor desse leverandørane.

SFE søker også samarbeid med andre selskap i bransjen som og er underlagt openheitslova.

Gjennom kontraktsvilkår ved innkjøp av elektromekanisk utstyr er det sett krav om at leverandørar skal opptre i samsvar med internasjonale konvensjonar mot bekjemping av korrupsjon, samt oppfylling av relevante antikorrupsjonslovar for leveransen.

I tillegg er det sett krav om at leverandøren og tilhøyrande underleverandørar skal ha ordna lønns- og arbeidsvilkår for alle arbeidstakarar i verdikjeda i samsvar med internasjonale anerkjente prinsipp. Dette omfattar også menneske- og arbeidstakarrettar, barnearbeid og miljø.

Leverandørar er også pliktig til å legge fram dokumentasjon på lønns- og arbeidsvilkår dersom kunden ber om dette.

I kontrakter for bygg og anleggsarbeid er det i mindre grad etablerte vilkår for å stanse eller avgrense negative konsekvensar. SFE vil arbeide vidare med å etablere kontraktsvilkår knytt til menneskerettar og anstendige arbeidsvilkår for bygg og anleggsarbeid.

SFE stiller alltid krav om at leverandørar signerer SFE sine etiske retningslinjene og har fokus på at primærkomponentar er produsert i Europa. SFE vil sjå på korleis dette skal følgast opp i prosjektgjennomføring i det vidare arbeidet.

For å kontrollere at leverandørar oppfyller dei etiske retningslinjene og tilhøyrande vilkår i kontrakt, skal det etablerast rutinar for å gjennomføre leverandørrevisjon i prosjekt.

SFE er i gang med systematisk arbeid knytt til praktisk handtering av krava i openheitslova. Det er sett ned ei arbeidsgruppe internt, og arbeidet vil få auka fokus det neste året.

Forespørslar knytt til informasjon om SFE sitt arbeid med openheitslova kan rettast til SFE pr. e-post: **post@sfe.no**.

Sandane 30.05.2024

Styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Sigurd Reksnes
- styreleiar-

Silje Skaar Sunde
- nestleiar-

Olin Henden
- styremedlem-

Jan Helge Dale
- styremedlem-

Arvid Andenæs
- styremedlem-

Kevin Denton
- styremedlem-

Sindre Kvalheim
- styremedlem-

Mons Solheim
- styremedlem-

Ragnild Gundersen
- styremedlem-

Knut Arild Flatjord
- konsernsjef-

Ålfoten 21.05.2024

Styret i SFE Produksjon AS

Johannes Rauboti
- styreleiar -

Asle Grotle
- nestleiar -

Ole Sunnset
- styremedlem -

Oddrun Slagstad
- styremedlem -

Eivind Risøy
- styremedlem -

Knut Arild Flatjord
- dagleg leiar -

Sandane 19.06.2024

Styret i Lutelandet Energipark AS

Martin Holvik
- styreleiar -

Monica Heggheim
- styremedlem -

Bjarte Lofnes Hauge
- dagleg leiar -

Sandane 18.06.2024

Styret i Firdakraft AS

Knut Arild Flatjord
- styreleiar -

Bjarte Lofnes Hauge
- dagleg leiar -

Sandane 23.05.2024

Styret i Svelgen Kraft AS

Knut Arild Flatjord
- styreleiar -

Stig Falling
- styremedlem -

Terje Søvikhagen
- styremedlem -

Bengt Haugnes
- styremedlem -

Kjetil Mardal
- styremedlem -

Martin Holvik
- styremedlem -

Erlend Bårgård
- styremedlem -

Bjarte Lofnes Hauge
- dagleg leiar -

Sandane 23.05.2024

Styret i Svelgen Kraft Holding AS

Knut Arild Flatjord
- styreleiar -

Stig Falling
- styremedlem -

Terje Søvikhagen
- styremedlem -

Bengt Haugnes
- styremedlem -

Kjetil Mardal
- styremedlem -

Erlend Bårgård
- styremedlem -

Martin Holvik
- dagleg leiar/styremedlem -